

**Protokoll**  
**Regionrådet Nordhordland – fredag 26. oktober 2018**

**Møte:** 6-2018  
**Tid:** Fredag 26. oktober kl. 09:30 – 15:00  
**Stad:** Sansetunet, Kårbø, Meland

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Karstein Totland, Per Lerøy, Hallvard Oppedal, Stian Herøy, Jarle Skeidsvoll, Tom Kristian Thorsen, Jon Askeland, Øyvind Oddekalv, Astrid Aarhus Byrknes
<b>Rådmenn:</b>	Jarle Landås, Jo Bjarte Tømmerbakke, Reidun Halland, Svein Helge Hofslundsengen, Liv-Wigdis Løvik
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
<b>Andre:</b>	
<b>Forfall:</b>	Ørjan Raknes Forthun, Martin W. Kulild, Ingvild Hjelmteit, Nils Moldøen, Jan Olav Osen

Sak 45/18	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar. Fleire saker vart innmeldt til meldingar og eventuelt.
Sak 46/18	<b>Godkjenning protokoll møte 5-2018</b> Møteprotokoll frå møte 5-2018 vart godkjent utan merknadar.
Sak 47/18	<b>Informasjon om dagsenter for demente i Alversund (vedlegg)</b> Inger Fosse Dalland og Christel Bratshaug informerte om dagsenter for demente i Alversund der fokus er å skapa dagar med meining, fellesskap og innhald. Demens er som ein paraply med ulike typar diagnosar. Alle blir ikkje totalt forandra, men personar med demens er avhengig av gaiding gjennom dagen. Eit dagsenter må aldri verta ein oppbevaringsplass.  Utan dagtilbod ville pårørande ikkje fått nødvendige pausar, livet hadde vore svært begrensa og einsamt for både den sjuke og deira pårørande, og fleire ville kome langt tidlegare på institusjon. Lindås kommune er langt framme og har tatt gode grep med tilbod retta spesielt til heimebuande personar med demens. Det er fire dagsentertilbod i kommunen, og dei har ulike kriteriar for inntak og plass.  Alversund dagsenter er vellukka fordi det ligg utanfor institusjon og i eit nærmiljø med stor fri hage. Det er ikkje vanskeleg å finna aktivitetar, og det er tidvis innom både dyr og besøkjande. Det er mange løyper, både i terreng og langs veg, og ein har eit godt samarbeid med naboar. Det er plass og rom for både kvile og arbeid / aktivitet. Dette er fyrste møte med hjelpeapparatet for mange, gruppa er oversiktleg (6 personar), maks 8 personar, og har same faste personalet kvar dag. Ein har dermed rutinar, gjenkjenning og trygghet.  Dalland og Bratshaug fortalte så vidare om senteret og behandlinga som vert gitt, og dialog / oppfølging av dei pårørande. Dei ynskjer også å henga med i tida og brukar sosiale spel og medium som Geocash, spotify, storskjerm, Wii og facebook og Instagram.  Frå 2020 blir det anbefalt frå nasjonalt hald å driva utanfor institusjon, noko Fosse og Bratshaug anbefalar på det sterkaste, spesielt er det viktig i tidleg fase av sjukdommen.

	<p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande og takka for ei fin og interessant orientering om eit særskilt viktig område.</p>
Sak 48/18	<p><b>Informasjon frå Folkeuniversitetet om kva dei kan tilby kommunesektoren – og tilbakemelding om kva regionen treng innanfor kurs og opplæring (vedlegg)</b></p> <p>Wenche Fonneland og Stig Roar Olsen informerte om Folkeuniversitetet Vestlandet og kva dei kan tilby kommunesektoren. Vidare ønskte dei tilbakemelding om kva regionen treng innanfor kurs og opplæring. Folkeuniversitetet er landets største studieforbund, og har eit mangfald av kurs og moglegheiter.</p> <p>Fonneland og Olsen var innom ulike tema som:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kva ulike tilbod folkeuniversitetet tilbyr og kva offentleg tilskotsordning som finnest</li> <li>▪ Fordelane ved å tilby dei tilsette kurs</li> <li>▪ Opplegget og finansiering gjennom offentlege midlar</li> <li>▪ Vegen til fagbrev som vaksen / fagbrev for tilsette</li> <li>▪ Omorganisering av utdanninga</li> <li>▪ Klasserom på nett</li> <li>▪ Coaching og relasjonsleiing som består av tre deler. Kan søkja KS om midlar</li> <li>▪ Utdanningsprogram med studiepoeng</li> </ul> <p>Folkeuniversitetet tilbyr tilrettelagt og skreddarsydde kurs / opplæring for kommunesektoren, det er berre å ta kontakt kommunevis eller at ein går saman.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet takka for fin orientering og tok den til vitande.</p>
Sak 49/18	<p><b>HOG-energi – Rapport Veikart for industriutvikling (vedlegg)</b></p> <p>Nelson Rojas frå HOG Energi informerte om sluttrapport Veikart for industriutvikling. Hordaland er leiande produsent innan energi, og er ei energiklynge i verdsklasse. Leverandørindustrien er nøkkelen til det grønne skiftet, og det er spesielt to retningar som vil påverka framtida. Det er teknologiske endringar og krav til mindre utslipp – null utslipp. Hensikt med arbeidet / rapporten er å koma med innspel til å forma ein framtidig industriretta næringspolitikk og strategiske næringsplanar lokalt og regionalt i Hordaland.</p> <p>Sentrale spørsmål i rapporten er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kva slags kjernekompetanse er det i leverandørindustrien?</li> <li>▪ Korleis kan denne kjernekompetansen kategoriserast?</li> <li>▪ Korleis kan desse kategoriane brukast for å skapa ny industri i det grønne skiftet</li> </ul> <p>Fokus vil vera å tilretteleggja for arbeid som dekkjer tre fokusområder; synergjar, kompetanseregioner og diversifisering og det grønne skiftet.</p> <p>Framtidens leverandørbedrift vil vera kjenneteikna av å vera strategisk og bærekraftig og internasjonal, og den må vera klima og miljøretta, open og innovativ og endringsdyktig – og diversifisert i fleire markadar.</p> <p>Rapporten peiker på tre kompetanseregionar i Hordaland:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Nord: Havbasert logistikk, system og tenester</li> <li>▪ Bergen: Teknologeutvikling, industriell ingeniørkompetanse, operasjonell kompetanse (i hele livssyklus av en installasjon)</li> <li>▪ Sør: Gjennomføring av megaprojekt, havbaserte elektro og automasjon system og tenester</li> </ul> <p>Konklusjon:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. For å sikra eit grønt skifte med utgangspunkt i leverandørindustrien må kompetanseregionane som er identifisert reindyrkast, samansmeltast og vidareutviklast gjennom fokus i regionale og kommunale planer, verkemidlar, og samarbeidsinitiativ frå verksemdene/FoU og utdanning.</li> </ol>

	<p>2. Reindyrk dei tre kompetanseregionene; Nord, Bergen og Sør, med Bergen som bindeledd innan mogeleggjjerande teknologiar, industriell engineering og FoU og operasjonell kompetanse</p> <p>3. Hordaland må reindyrka fortrinna i leverandørindustrien ved å stimulera regionen til å bli ein «HUB» for ulike typar energisystem som kan bidra til ein variert energimiks globalt og til diversifisering til andre bransjar</p> <p>4. Initier prosjekt som skapar «synergi» mellom dei identifiserte kompetanseregionane, energikilder og energisystem som fagfelt og ulike næringar for å skapa diversifisering og nye industrielle mogelegheiter</p> <p>Så orienterte Nelson Rojas kort om arbeidet med å endra selskapet HOG Energi til Energi Vestland.</p> <p>Deretter dialog, innspel og synspunkt frå salen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Litt kunstig med tre kompetanseregionar</li> <li>▪ Det viktigaste vil vera kompetanseoverføring</li> <li>▪ Me må bli flinkare til å marknadsføra våre område som t.d. Fensfjordbassenget</li> <li>▪ Per Lerøy viste til at det har vore ein diskusjon om ein treng HOG. Næringslivet er positiv, det er ein god arena der næringslivet og det offentlege møtast. Viktig at Energi Vestland vert vidareført i nye Vestland. Lerøy oppmoda om at fleire kommunar bør melde seg inn</li> <li>▪ Ein håpar også at næringslivet bidrar til finansiering av Vestland Energi</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet takka for orienteringa og tok den til vitande.</p>
Sak 50/18	<p><b>Oppfølging - skulebruksplanen for Austrheim og Knarvik vidaregåande skule</b></p> <p>Saka er ei oppfølging etter sak 38/18 i sist Regionråd der rådet vedtok å senda saka til Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling for handsaming.</p> <p>Øyvind Oddekalv gjorde greie for handsaming i Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling, og la fram eit forslag til vedtak. Deretter drøfting i rådet og vedtaket vart etter innspel litt endra. Regionrådet ber elles utvalet til å setja seg i dialog med fylket.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet visar til vedtak i Fylkestinget 22. juni 2016. «Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Endeleg vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform. Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene. Studietilbodet ved Knarvik vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2026.»</p> <p>Regionrådet i Nordhordland er samla om at Nordhordland med Gulen og Solund treng to vidaregåande skuler. Dei to skulane utgjer skuletilbodet mellom Bergen nord og Sunnfjord. Regionrådet vil presisera at det er heilt avgjerande for langsiktig busetting i distrikta, å unngå at enno fleire elevar enn i dag får for lang reiseveg til skulen som ikkje gjer det mogleg å bu heime.</p> <p>Erfaring viser at elevar som må bu på hybel, like gjerne vel å bu i Bergen (eller andre stader) som Knarvik, og distrikta mister ungdommane sine tidleg i utdanningsløpet. Regionrådet vil difor arbeida for at dei to vidaregåande skulane i regionen skal vera attraktive og det naturlege valet for ungdom som bur i regionen, men også ha eit så godt heilskapleg tilbod at skulane kan trekke til seg ungdom frå heile fylket.</p> <p>Fylkestinget legg i investeringsplanen for vidaregåande skuler i Hordaland opp til eit parallelt løp for investeringar for skulane i Nordhordland. Regionrådet støttar at dette skjer parallelt og blir sett i samanheng. Me ønskjer imidlertid å koma i gong med arbeidet snarast råd med tanke på den dårlege forfatninga bygget til Austrheim vgs samt delar av Knarvik vgs er i.</p>

	<p>Regionrådet støtter Austrheim kommune sitt brev til Hordaland fylkeskommune der dei ber fylkeskommunen om å setja av midlar i budsjettet for 2019 til å planleggja utforminga av framtidas skulebygg ved Austrheim vgs, og at ein samtidig startar arbeidet med planlegging av oppgradert skulebygg i Knarvik. Næringslivet i Nordhordland er også ein pådrivar for dette, og vil vera med å finna gode løysingar på dette.</p> <p>Prosjektet med å planleggja framtida til dei vidaregåande skulane i Nordhordland må sjåast i samanheng med dei pågåande prosjekta rundt den vidaregåande opplæringa i regionen som ser på nye undervisningsformer for yrkesfag med tettare samarbeid mellom næringsliv, offentlig sektor og privat næringsliv, og prosjektet der ein ser nærare på framtidig linestruktur i dei vidaregåande skulane basert på næringslivet sitt behov fram mot 2030.</p>
Sak 51/18	<p><b>Utkantkonferansen 2019, status for planlegging, forankring og medfinansiering frå kommunane</b> (vedlegg)</p> <p>Rolf Tande og Anne Hildegunn Færøy informerte om mål og målgruppe m.v. for Utkantkonferansen 2019 som skal vera 1. april. Det er sett ned ein programkomité som jobbar med agenda. Førebels programforslag er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Tema 1: Folkehelseplan - korleis kan kommunane arbeida for å implementera ei satsing på barn og unge si psykiske helse?</li> <li>▪ Tema 2 : Lærlingar – ei bærekraftig ressursgruppe for nye Vestland?</li> <li>▪ Tema 3 : Sosial ulikheit/»barnefattigdom»</li> </ul> <p>Samla kostnader er rekna til kr 94 000 som dekkjer lokale, bevertning, gåver, transport og litt honorar. Inntektskjelder kan vera kommunane, Helse Bergen/RKBU, privat næringsliv, fylkeskommunen, deltakaravgift.</p> <p>Det vart påpeika at ein av erfaringane frå seminaret i fjor, var at det er viktig å bruka litt tid på å få foredragshaldarane til å få fram dei viktige momenta.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet gir si tilslutning til det programmet som vart presentert og til forslaget til finansiering. Kommunane i Regionrådet bidreg med inntil kr 6 000 kvar.</p>
Sak 52/18	<p><b>Rekruttering av psykologar til kommunane.</b></p> <p>Rolf Tande informerte om at Stortinget 8. juni 2017 vedtok at alle kommunar innan 2020 skal ha psykolog som ein del av kjernekompetansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta, og at kommunane skal ha tilsett kommunepsykolog frå 1. januar 2020. Fleire av kommunane i Nordhordland har til no hatt vanskar med å rekruttera kommunepsykolog, og dersom ein lukkast med å tilsette psykolog, er erfaringa at desse ofte ikkje vert verande lenge i stillingane. Årsakene til dette kan vera mange, t.d. at kommunane ikkje har eit utdanningstilbod for spesialisering slik som spesialisthelsetenesta kan tilby. Det å arbeida som einaste psykolog i ein kommune, kan også vera utfordrande.</p> <p>Helsetenestene i kommunane Fedje, Austrheim, Gulen, Masfjorden og Modalen hadde i april i år eit fellesmøte der ein drøfta fleire av tenestetilboda i kommunen, og om ein kunne utvikla nokre av desse saman. Masfjorden kommune fekk oppdrag med å utgreia mogelege løysingar for å betra rekrutteringa av psykologar til kommunane. Kravet om psykologar i kommunane gjeld alle kommunane. Ein antar at utfordringar med å rekruttera og behalda nødvendig psykologkompetanse i kommunane, vil gjelda alle kommunane i Nordhordlandsregionen.</p> <p>Tande meinte at ein derfor bør gå vidare med eit forprosjekt og planlegging av modell for å prøva ut ei løysing i samarbeid med Helse Bergen, og at dette bør involvera alle kommunane i regionen. Vidare at det vert planlagt med pilotering av modell når Region Nordhordland Helsehus står klart.</p> <p>Deretter spørsmål og tilbakemelding frå rådet. Det er viktig at dei kommunane som allereie har tilsett psykolog også vert tatt med i arbeidet.</p>

	<p>Helsehuset kan bli eit kompetansesenter for dette området. Det er viktig med denne type samarbeid i regionen, slik at ein vert oppfatta som attraktive over tid.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet er positive til initiativet og ber om at alle kommunane i Region Nordhordland blir tatt med i det vidare arbeid. Regionrådet sluttar seg til oppstart av forprosjekt slik det er presentert, og at det vert søkt om midlar til utprøving av modell for rekruttering av psykologar til kommunane. Regionrådet ber Utval for helse og omsorg følgje opp saka og setja ned ei styrings- og arbeidsgruppe for prosjektet.</p>
Sak 53/18	<p><b>Faste orienteringssaker:</b></p> <p><b>Status Region Nordhordland Helsehus</b> Rune Heradstveit informerte kort om status i arbeidet med helsehuset, bla. om at arbeidet med å få på plass eit nytt operativ Telenoranlegg tar lengre tid enn ein hadde håpa på. Det skuldast bl.a. at omkabling drar ut grunna manglande avtalar med grunneigarar. Helsehusprosjektet håpar likevel at grave- og sprengingsarbeid kjem i gong i desember. Riving av vegstasjonen pågår.</p> <p><b>Kontaktutvalet Nordhordlandspakken</b> Det har ikkje vore møte i kontaktutvalet sidan sist. Regionrådet har mottatt eit brev frå leiar av Senterpartiet i Alver kommune der det vert påpeika at ei omgjering av reguleringsplanen med rekkjefølgjekrav på Radøyprosjektet, berre kan gjerast om av Radøy kommune. Dette spørsmålet er no sendt til Radøy kommune og Statens vegvesen for nærare vurdering. Dersom dette eventuelt skulle bety at kommunen må omregulera, så kan oppstart av arbeidet blir utsett to år.</p> <p><b>Status frå utvala</b> <b>Utvalet for næring og samfunnsutvikling</b> Hallvard Oppedal informerte om at utvalet hadde møte måndag 15. oktober der dei hadde invitert Nordhordland Næringslag og Industriutvikling Vest til møtet. Hensikt var å få ein gjensidig informasjon/dialog om dei utfordringane som Nordhordland som region står overfor.</p> <p>Trendar for regionen er at utan ein vekst i offentlege arbeidsplassar, så ville tal arbeidsplassar i regionen bli redusert. Det viser at tal arbeidsplassar i privat sektor må aukast. Etableringar av nye verksemder er lågare i Nordhordland enn i Bergen og dei andre omegnskommunane. Auken i folketalet stoppar opp og det vil bli ein «større kamp» om å få den veksten som er. Folketalet aukar meir i kommunane i vest og sør for Bergen. Konklusjon er at det offentlege og næringslivet i heile regionen må samhandla på ein måte som sikrar vekst og utvikling.</p> <p><b>Helseutvalet</b> Astrid Aarhus Byrknes informerte om at ho med fleire skal ha møte med Helse Vest HF fyrstkommande mandag der tema er å få avtalespesialister til regionen. Helsehuset er ein viktig argumentasjon i den samanheng.</p> <p><b>Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling</b> Øyvind Oddekalv informerte om at utvalet hadde møte 16. oktober som omhandla dei vidaregåande skulane (jf. sak 50/18).</p> <p><b>Gjensidig informasjon frå Alverkommunane og Randkommunane</b> Kort informasjon frå begge. Øyvind Oddekalv informerte at det i Alverprosessen går det mykje på administrativ planlegging og arbeidet med struktur. Det er nyss tilsett ny leiar for næringsarbeidet i Alver kommune. Når det gjeld politiske saker, så har det vore jobba med kommunevåpen og struktur på utvala. Det var elles framheva frå Jarle Landås at det er føregår mange gode arbeidsprosessar på ulike felt, so, gjerne kan vea interessant for randkommunane å sjå nærare på. Deretter kort informasjon om samarbeid i randkommunane.</p>

Sak 54/18	<p><b>Aktuelt frå NUI</b> Rune Heradstveit orientere kort om aktuelle saker i NUI.</p> <p><b>Biosfæreprosjektet</b> UiB v/ UNESCO Chair Inger Måren har fått tildelt eit forskingsprosjekt frå NFR (miljøforsk). Forskingsprosjektet skal følgjeforska ulike deler av oppstarten av biosfæreområdet. I tillegg til Inger Måren er Amy Eycott, Nord Universitet og Jens Kristian Fosse, Høgskulen på Vestlandet v/ Mohnsenteret, leiarar av ulike delar av prosjektet. Det er knytt ei sterk referansegruppe til prosjektet som vil vera aktiv gjennom heile perioden, bl.a. med Meriem Bouamrane (UNESCO og ansvarlig for MAB-programmet i Europa) Martin Price, UNESCO Chair i UK og Lisen Schultz, UNESCO Chair i Sverige.</p> <p><b>Ullprosjektet</b> NUI har hatt forprosjekt på dette i år, inkl. koordinering av Ullveka som føregår nett no. NUI søkjer no om eit hovudprosjekt til neste år for å løfta fram satsinga i Nordhordland på lokale norske sauer, og ull og tekstiltradisjonane knytt til dette. Dette gjeld heile verdikjeda frå bonde til designar. Ullveka vert fyrlykta.</p>
Sak 55/18	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p><b>Medlem til referansegruppa E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset (Ringveg øst) - utarbeiding av kommunedelplan og konsekvensutgreiing</b> Statens vegvesen har starta opp planarbeid med kommunedelplan og konsekvensutgreiing for strekninga E16 Arna-Vågsbotn og E39 Vågsbotn- Klauvaneset. Vegvesenet ønskjer som del av medverknad og informasjon i planprosessen å oppretta ei referansegruppe med regionvegleiinga i Statens vegvesen, politisk leiing frå Bergen kommune, byrådsavdeling for byutvikling, Regionrådet i Nordhordland, leiinga i Hordaland fylkeskommune, og Fylkesmannen i Hordaland. Regionvegsjef Helge Eidsnes leiar gruppa. Vegvesenet ser det som ønskjeleg at Regionrådet stiller både politisk og administrativt.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet vedtok at regionrådsleiar Karstein Totland og dagleg leiar Rune Heradstveit vert oppnemnt til referansegruppa.</p> <p><b>Høyring av regional utviklingsplan for Helse Vest RHF (vedlegg)</b> Tord Moltumyr orienterte om regional utviklingsplan for Helse Vest RHF, og om ulike moment som bør vera av interesse for kommunane. Den planen som er sendt ut er lite i samsvar med det som er forventa i samhandlingsreforma, nemleg likestilte partar i samarbeidet. Her er det mange ting som bør kommenterast.</p> <p>Kommunane eller fastlegar er ikkje omtala som interessantar, og kommunane sitt behov vert ikkje etterspørt. Kommunane må få ta del i utviklingsarbeidet; forskning, plan, system og innovasjon. Det må kunne vera konkret medverknad i tilbod RHF styrer direkte som t.d. avtalespesialister, rehabiliteringsinstitusjonar, røntgeninstitutt.</p> <p>Kommunane må ha ein ei tydlegare brukarstemme og bli høyrte om sine behov innan t.d. aldersmedisin / demens, kroniske lidelser som medfører stor byrde (ME, diabetes, migrene, angst m.v.). Moltumyr meinte det beste er å få til ein felles uttale frå Regionrådet.</p> <p>Frå rådet vart det peika på at det kunne vera viktig å få andre til å gje høyringar som t.d. Bergen kommune, andre regionråd m.v. Det er viktig å få tydeleg fram at kommunane skal vera likeverdige partar og at det bør vera tett kontakt og dialog mellom helseføretak og kommunane.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet vedtok å senda felles høyringsuttale til Regional utviklingsplan for Helse Vest RHF.</p>

**Skyss, vidaregåande og skuleskyss**

Karstein Totland informerte om at Knarvik VGS har lagt om timeplan utan at SKYSS har endra sine ruter. Da passar ikkje lenger rutene til SKYSS med timeplan, og medfører at mange elevar får timar å venta. Dette er tatt opp med rektor og med SKYSS utan at det har funne si løysing.

Det vart påpeika frå fleire i rådet at dette ikkje er haldbart, og at dei endringane som er gjort ikkje er bra for elevane. Skulen er til for elevane, ikkje omvendt. Dette bør kunne løysast lokalt.

Knarvik, 16. november 2018



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

- Sak 47/18 Notat, innlegg om dagsenter for demente i Alversund (vedlegg)
- Sak 48/18 Presentasjon, Folkeuniversitet Vestlandet
- Sak 49/18 Presentasjon, HOG-energi – Rapport Veikart for industriutvikling
- Sak 51/18 Presentasjon, Utkantkonferanse 1. april 2019
- Sak 55/18 Presentasjon, høyring Utviklingsplan Helse Vest HF